



Alf Magne Kvalvåg
Onesvegen 9
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3902 - 19/1197

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
14.01.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 94/1 Skodvin nedre


Tiltak: parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 94/1
Tiltakshavar: Skodvin Montessoriskule
Ansvarleg søkjar: Alf Magne Kvalvåg

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomar gbnr 94/2, 8 og 10 må nabovarslas. Nabovarselet må følge normale varslingsreglar.
2. Det må sendast inn teikningar som viser terrenginngrep som følgje av tiltaket. I det minste må snitt- og opprisstegningar vise eventuelle skjæringar og fyllingar.
3. Det må gjerast greie for korleis tiltaket er plassert i forhold til arealføremålet parkering i kommuneplanen sin arealdel. Innsendte situasjonsplan syntes å vise at tiltaket også vil ligge inn i arealføremålet *Idrettsanlegg*. Dersom parkeringsplassen er plassert utanfor arealføremålet må det sendast inn grunngjeven søknad om dispensasjon. Vi rår til at pakeringsplassen de skal bygga vert plassert i samsvar med det arealet som er satt av til parkering P6 i kommuneplanen.



4. Tiltaket må krev at det vert sendt inn søknad om ansvarsrett. Det må sendes inn erklæringer om ansvarsrett for søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF), samt gjennomføringsplan for tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 11.02.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alf Magne Kvalvåg	Onesvegen 9	5956	HUNDVIN
Skodvin Montessoriskule	Skodvinsvegen 1	5956	HUNDVIN

Mottakarar:

Alf Magne Kvalvåg	Onesvegen 9	5956	HUNDVIN
Skodvin Montessoriskule	Skodvinsvegen 1	5956	HUNDVIN